

Soknerådsmøte i Moster sokneråd

tysdag 24.09. 2019

Desse møte: Gunnvald Bjotveit, Inger Marie Gjerde, Elin Taranger, Per Harald Gjerde, Sigurd Totland, Aksel Lygre.

Desse var ikkje til stades: Rune Sivertsen, Magnhild Nøstbakken, Mona Ingvaldsen Hodne

Sak 81 – 2019 Godkjenning av innkalling og møtebok av 27.08.19.

Innkalling og møtebok godkjend

Sak 82 – 2019 Oppfølging av tidlegare saker.

- Nytt medlem av orgelkomite: Sak 87
- Moster kyrkje vert 150 år i 2024, - info Per Harald og Aksel ad komité. Det vert tatt opp som sak på neste soknerådsmøte.
- Temakveldar hausten 2019.

Sak 83 – 2019 Evaluering av kyrkjeval

Kyrkjeverja:

-Lokale må avklarast før valkorta vert sende ut, fordi valkorta inneheld informasjon om kor valet vert gjennomført.

-Det kommunale kurset var ikkje så nyttig. Det var lite som handla om kyrkjevalet. Eigen gjennomgang av kyrkjevalet i etterkant var nyttigare, men her kunne ein delt seg opp i sokn, så ein slapp å høyre på det einskilde soknet sine detaljar kring valet.

Då vallokalet stengde, var det 22 lister på Moster att. Det betyr ikkje at det var for knapt med lister. Det kan like snart vera ei skeivfordeling mellom Foldrøy og Moster. Vi har ikkje kjennskap til kor mange der var att i Foldrøy.

-Det mangla vallister frå dei andre sokna på Bømlø.

-Valurna er for lita, så ein treng to urner på Moster.

-Lappar med innhenting av opplysningar om valfunksjonærar må vere tilgjengeleg på valdagen også, ikkje kun på møtet i forkant. Det var ikkje alle som hadde høve til å vere med på sjølve møtet, og dei fekk derfor ikkje fylt inn opplysningane sine.

Soknerådet:

-Soknerådet må få eit større medvit på at Soknerådet **er** valstyret. Det er soknerådet sitt ansvar å få valet gjennomført på ein god måte.

- Ansvarsfordeling må på plass tidleg. Helst før sommaren.
- Opningstider på valdagen må meldast inn tidleg frå soknerådet, fordi kyrkjeverja treng denne informasjonen **før** valkorta vert sende ut.
- Det bør vere tydelege lister over oppgåver som skal løysast.
- Leiar for stemmestyret må avklarast før valdagen, slik at han/ho kan førebu seg på oppgåva.
- Betre merking av vallokalet, og betre/alternativ tilkomstveg.
- Bør dei som er valmedarbeidarar ha eit lett synleg kjenneteikn på seg?
- Ein bør tenkje på «tydelege kommandolinjer» ved neste val. Ein treng eit nytt lokalt kurs på føresommaren, slik at folk vert tryggare i oppgåvene sine, og at alle veit kven som har ansvaret for kva ved valet.
- Det kan vere lurt å setje ned ei arbeidsgruppe på 2-3 personar som held oversikt over fristar og oppgåver, og syt for at planlegginga av valet har framdrift. Arbeidsgruppa bør samarbeide, eventuelt ha eit felles medlem med valkomitèen slik at dei kan halde kvarandre oppdaterte.

Sak 84 – 2019 Overlappingsmøte med nytt sokneråd 22.10

Beverting:.Inger Marie kjøper kringle. Saksliste: Konstituering. Leiar, nestleiar, kasserar, skrivar, val til Fellesrådet, to medlemmer og to vara, Kyrkjemusikalsk utval. Minne om at dei må finne utvalsmedlemer til Estlandskomite, diakoniutval, trusopplæringsutval, temakveldar. Planlegging av møtedagar haust og vår. Og andre saker som må ivaretakast. På gudstenesta den 24.11, takkar ein avtroppande sokneråd, og presenterer og ynskjer velkommen det nye soknerådet.

Sak 85 – 2019 Lunsj-seminar- økonomisk støtte

Soknerådet støttar seminaret med 1000 kroner

Sak 86-2019 Nytt medlem orgelkomitè

Soknerådet laga ei prioritert liste, og personen øvst på lista vil bli spurd først.
Gunnvald gjer dette.

Sak 87 – 2019 Referat og meldingar

- Frå fellesrådet
- Elin orienterte at orgelkomiteen sin rapport vart godkjend, med små justeringar.

- Frå orgelkomiteen: Gunnvald orienterte: Konsert den 20.10 til inntekt for nytt kyrkjeorgel. Det vert ein giroaksjon våren 2020 for nytt kyrkjeorgel. Orgelkomiteen førebur søknadar til bedrifter relatert til Moster, og nokre til.
- Meldingar ved soknerådsleiar, sokneprest eller andre
 - Minnelund. Saka er følgd opp
 - Julekrybbe. Avtale er gjort..
 - Plan for vedlikehald og oppussing. Særutskrift er levert til kyrkjevevja.

-Prostidag i Sunnhordland prosti den 24.10 Soknerådsmedlemmer vert oppmoda om å delta.

Per Harald Gjerde

skrivar